VEDLIKEHALD AV GRAVPLASSAR OG VED KYRKJENE

Skrive av Solfrid Lier Habbestad som sak til FR 1.09.2026

1. Bakgrunn

Sidan 1.03. 2026 har det vore vakanse i 60% stilling som utearbeidar. Denne stillinga har m.a. hatt oppgåver knytt til reinhald og vedlikehald i og ved kyrkjene, gravplassane, minnelundar og førebuing og etterarbeid i tilknyting til gravferder.

Ein person i 95% stilling har såleis stått åleine om vedlikehaldsoppgåvene på tre kyrkjer, to kapell og 12 gravplassar, i tillegg til andre oppgåver. Utover våren, blei det utfordrande å sikra tilfredsstillande stell av gravplassane. Reaksjonane har vore mange (tlf til kyrkjekontoret, avisoppslag og FB-innlegg) der mange har gitt uttrykk for at dei opplever ei sorg over at deira kjære kviler ein stad der omgjevnadane i for liten grad blir tekne vare på, medan andre uttrykkjer frustrasjon over situasjonen.





Mange av tilbakemeldingar går på det generelle vedlikehaldet av gravplassane, men det er og reaksjonar på at kistegraver blir ståande som eit svart sår i det grøne i fleire år etter gravlegging. Sjå bilete over frå gravplassane ved kyrkjene i Sveio og Førde. Grava på 1.bilete har stått i to år og på det andre biletet i eitt år.

På fleire graver ser ein nå at eigar av gravminnet sjølv har fylt på mold og sådd i plenfrø der det er svart framfor gravminnet, og då blir alt grønt på 1-2 mnd. Dette er eit arbeid som er fellesrådet sitt ansvar.

2. Orientering

Dei etterlatne har ansvar for å setja opp gravminne (støtte) og halda dette sikra slik at det ikkje er til fare for andre. Framfor gravminnet (ca 60 cm målt ut frå støtta i bakkant) kan eigar av gravminnet opparbeida eit plantefelt og har alt ansvar for planting i og vedlikehald av dette.

Fellesrådet har elles alt anna ansvar for vedlikehald på dei 12 gravplassane i kommunen. På forsommaren kom ein i gong med robotklipparar på Sveio og i Førde, og det er ei målsetting å få robotklipparar på to nye gravplassar frå neste sommar. Kantklipping vil det vera trong for som før ein fekk robotane.

Vedlikehald av gravplassar handlar om mykje meir enn gras. Her skal det og klippast buskar og tre, sikra godt reinhald av parkbenker, minnelundar, minnesteinar og trapper til kyrkjene. Vedlikehald av vegar og stiar, rundt kantsteinar og maling av gjerder mm, er andre oppgåver.

3. Vurdering

For etterlatne til dei som har fått plass på gravplassane våre, betyr det mykje å koma til ein kyrkjegard som gir ro og verdigheit og innbyr til ei stille stund for ettertanke. Frustrasjon over manglande vedlikehald og lite verdige tilhøve skal ikkje vera kjensla når ein besøkjer grava. Det er heller ikkje ein triveleg situasjon for dei tilsette å oppleva mange negative tilbakemeldingar i ein elles travel kvardag, og me må gjera det som er mogeleg for at dei skal sleppa det.

Som overordna ansvarleg for gravplassane må såleis fellesrådet sikra godt vedlikehald både på gravplassane og i og ved kyrkjene våre.

FR må vera i forkant og eventuelt sikra ei meir planretta utføring av vedlikehaldet slik at det ikkje blir trong for spontandugnadar som følgje av FB-innlegg eller avisoppslag. For at det skal vera mogeleg, må kyrkjeverja og dei som arbeider ute melda frå om utfordrande situasjonar i god tid slik at me i fellesskap kan finna tilfredsstillande løysingar.

Det kan vera aktuelt å gjera avtale med ein eller to frivillige organisasjonar som kan ta vår-og haustdugnad på eit par gravplassar mot ei økonomisk godtgjering til organisasjonen. Slik kan det bli mindre arbeid igjen til dei faste tilsette som så tar resten av gravplassane.

Vidare kan det vera til støtte for dei tilsette om FR tydeleggjer forventningar til kor og kva som må prioriterast.

4. Til drøfting:

4.1.Prioritering vår

- Innan 17.mai kvart år: «Våronna» er gjennomført ved uteområda ved kyrkjene, Eikeland kapell og gravplassane som ligg i tilknyting til desse.
- Enklare grasklipping bør ha vore gjennomført på dei andre gravplassane.

4.2. Prioritering gjennom året av dei fast tilsette

Kistegravene må flatast ut, bli reinska for stein, få påfyll av mold og plenfrø. (Etter tre mnd eller når støtte er på plass og jorda er fri for frost.)

4.3. «Våronna»

1. Reinhald av benker.
2. Mala benker, eventuelt påføra olje
3. Reinhald av trappene til kyrkjene og flater i minnelundar og på minnesteinar
4. Klippa buskar og tre
5. Vedlikehald av vegar og stiar.
6. Første klipp av gras og graskantar.

Om me får organisasjonar til å ta vårvedlikehaldet ved kyrkjene Førde og Sveio og fleire robotklipparar, bør det frigjera ein del tid for dei fast tilsette slik at desse kan rekkja resten av oppstartsvedlikehaldet i kyrkje/kapell og ved gravplassane.

Vedlikehaldet vil bli enklare i resten av sommarhalvåret med ein grundig vårreingjering mm om våren.

Vedtak blir utforma i møtet.